

Rett ryggen no, sjå lenger fram

Rett ryggen no, sjå lenger fram!
Når grenser fell, blir kysten heil.
Eit utsyn opnar seg, mot vide hav,
mot fjell med skarpe render, stup og kollar
i lys og skumring, klare stjernenetter,
i morgongry når skodda drar seg bort,
det klarnar opp, og lufta får
ein smak av tidleg morgon!
Morgonstunda er for folk som sprett
på føtene, kler på seg i største hast
og fyk av garde med dei nye krefter
som søvnen nettopp gav dei.
Før dei får snudd seg, snur det heile seg:
Den blide dagen skvett av eit vindkast,
så jagar skyer over himmelen,
og før vi rekk å snakke om vêret
barkar det laus!
Trea kjem i rørsle, bølger bryt
Hustadvika får kvite skumtoppar,
folk går framoverbøygde mot vinden.
båtane svaiar, og så kjem regnet:
Det klaskar ned frå himmelen,
paraplyane blir endevende,
gamle kjerringar pjuskar seg
søkkvåte i hus, og så mørknar det!
Folk fyrer, hostar og harkar
og legg seg over ende, undrar seg på
kva neste dag vil føre med seg.

Og kva er det som skjer?

Dei vaknar til solglans og varme vindar
som til eit nytt land, men det er det same
Hustadvik-landet, med strålande blank himmel,
morgonsol som forgyller fjelltoppane,
raude kveldsskyer som legg seg på synsranda,
månen stig, og så kjem stjernene fram.

Havsus smyg seg inn i øyregangane
til menneska før dei sovnar.

Dagane følgjer kvarandre som ei perlerad,
og før vi veit ordet av det, fell lauvet.

Frosten legg seg på vasspyttane,
barneauga strålar mot juletreet.

Så er det tid for nyttårsstormar
når alt som er laust fyk til havs.

Låvetak sjanglar gjennom lufta,
tre blir rivne opp med rot,
til kong Harald kjem i anorakk
og roar det heile ned.

Og brått er det så stille at ein kan høyre
snorkande kvinner og menn i grannebygda,
salmesong frå året før, og ranglefantar
frå tidene før krigen

som heiser på broka
og slurpar i seg kaldt øl.

Gamle lærarinner, utasundshuer,
alt skal vi ha med oss
når vi møter det nye. Dei som
skal vera her etter oss,
undrar dei seg på
korleis det heile skal bli?

Slik er det her:

Ei årstid ventar bak den neste, våren
kjem alltid etter vinter. Den gamle verda
står fram som ny, og menneska forstår
at alle trengst, fordi det enno er
så mykje arbeid att,
og det må gjerast må no, og ikkje sidan.
Aldri blir vi heilt ferdige, men vi er saman om det,
fordi vi er av same slag, med like lengsler
og like draumar om å få det til.

Vi står i ved porten til det nye året,
til tjuetjue, tjuetjuetalet!

No slår vi floke og får varmen i oss,
vi brettar opp ermene og går i gang.

No er det slutt på alle om og men.

No har dei hatt si tid, dei svartsynte
som meinte at det aldri kunne gå,
og at det ikkje var så viktig, heller
at noko nytt fekk skje!

No er det tid for dei som bygger opp,
tar tunge tak, ser lenger fram
enn nasen rekk, og ser seg sjølv
i samanhengen.

No er tida inne for å ære dei
som held kvardagen i gang,
dei som går laus på det handfaste,
eit hus eller ein veg som skal byggast,
røyrleggarar og elektrikarar,
sjukepleiarar og lærarar,
bønder og båtfolk.

Medieklovnane og døgnflugene,
pratmakarane og latsabbane

held nok fram med å snakke om seg sjølv,
men færre og færre høyrer på dei.

Velkomen hit til nye Hustadvika!
Her er det bruk for fagkunnskap og fantasi
men mest for dei som ser det ufullførte,
og innstiller seg på å ta tak i det som manglar.
He er det bruk for realistane
som stikk fingeren i jorda og snusar på han,
som ikkje gløymer alt som kan gå gale,
men også trur at verda står til påske.
Her blir det større plass for handlekraft
og vilje til å handle raskt
når stunda krev det: *Viking Star*
er namnet på ei ånd som trengst
når nye tider ventar.
Frå Galleskjera til Høgset,
frå Vevang til Jendem:
Her trengst grublarar og fantastar
som søker løysingar som ingen før har sett.
Her trengst tålmod, her trengst uro.
No er tida inne til å bli
fortruleg med det ukjende,
omgjengeleg med det framande
Det som enno ikkje finst, skal få sitt namn.

Snart blæs det opp til storm,
og snart ligg Hustadvika atter still,
men aldri heilt stille. Eit tiår
skal få form, eit veldig landskap
blir rulla ut, fargane er talrike
som fuglane, ideane er mangfaldige
som sanden på strendene.

Gi plass til dei som ikkje satsar halvt
men gir av heile seg, av alle krefter,
som held på til arbeidet er ferdig
og ser seg om etter noko nytt som må bli gjort.
No er det tid for dei uthaldande,
dei som greier å samle tankane,
dei som ikkje sporar av,
som ikkje gøymer seg i tungsinn,
men trur på augeblinken og anar
at store ting enno kan skje.

No er det tid for dei oppfinnsame,
dei som kjem seg rundt hindringa
og finn ein ny utveg i landskapet.
Det er eit sus i lufta av noko anna:
Det er sant at menneska i overmot
brygger på sin eigen undergang,
men det er enda sannare
at vi har krefter til å snu det, om vi vil.
Når den gode, gamle tida er gått mot enden,
skal dei nye gode tidene innfinne seg.

Derfor: Rett ryggen, sjå lenger fram!
Kom nye tid, for gamle og for unge,
kom morgondag, med større smil,
romslegare ettertanke! Gi plass og lys,
så det nye kan utfalde seg,
der ungdommen kan rasa frå seg,
der vaksne folk kan områ seg,
der dei som knirkar når dei rører på seg,
skal kjenne nordavinden svala panna.

Der, ved utgangen til det ukjende
skal vi sjå nye slekter koma,
dei brå og nyfikne, dei utålmodige:
Vi som har vore her lenge
kjenner oss igjen, for vi var som dei,
svoltne på livet, lystne på den søte, bitre
salte og sviande smaken av tilværet
som er på veg mot oss i ei rekke
av morgondagar, i eit flimmer
av det som enno ikkje er.

Det gode livet opnar seg for den
som leitar etter det. Det nye året er for dei
som tåler ein støyt, utan å vera usårlege,
dei som kan stå i vanskaner og vende ei sak
som såg ut til å vera tapt, men aldri miste trua.
No er det tid for dei som slår ring rundt det nære,
men også tar lyset frå den vide verda inn,
som ser spørsmåla og leiter etter svara
i kvar vaken augneblink, i alt som lever.
Rett ryggen no, så ser du lenger fram!
Velkomen, nye tider!
Gamle trakter
krev nye takter!
Rett ryggen no, sjå lenger fram,
i dag, i dag.

Edvard Hoem

mm

